

Alt utselt på Dønhaug

25.12.2011



Laget som vann for 2 år sidan, då 14 var med

**Det teiknar til å bli ein storfest i låven på Dønhaug i morgen kveld.  
Alle bilettane er utselt og det betyr at det kjem rundt 450 for å svinga  
seg til tonane som dj-anne Asbjørn Slettemark og Torgrim Øyre lokkar  
fram frå maskineriet sitt.**

**Men før det er det quiz som for to år sidan og  
truleg blir deltakinga like stor som den gongen. Då var det 14 lag med.  
Quizen startar 19.30 og det betyr at deltakarane bør møte klokka 19.  
Det har ikkje vore førehandsinnmelding.**

Det er Festidalen som står for arrangementet og det er ingen billettar til,overs for sal ved låven. Einaste sjanse for etternølarane er med andre ord at ein får kjøpt ledige billettar av andre.

- Det har vore ein svær etterspurnad også til oss, fortel Magne Huglen Bjørn Olav Tveit minnar om at det går bussar både utover og innover etter festen og han er svært optimistisk framfor arrangementet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Laget som vann for 3 år sidan, då 9 var med